



Kjell Yri på talerstolen på DNT Landsmøte med framlegg om å sei nei til vindturbinar i urørt natur.

Kjell Yri frå Kvinnherad Turlag fekk i dag fleirtal for framlegg på Landsmøte til DNT i Svolvær om å sei nei til vindturbinar i urørt natur. Yri er utsending frå Kvinnherad og er ein av 350 delegatar på landsmøte.

I innlegget på Landsmøte skildra Kjell Yri den storslåtte naturen i Kvinnherad med fjella som vert mykje brukte til friluftsliv,- turgåing, ski, fiske, telting og ikkje minst klatring i Ulvanoso.

Yri synte til dei såkalla monsternastene i Hardanger med ei høgde mellom 20 og 45 meter. Vindmøllene vil ha ei høgde på 250 meter.

Vindkraft på land vil føra til store naturinngrep med vegar og planering av store område. Kjell Yri bad om meir bruk og effektivisering av eksisterande vasskraft og havvind.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressefoto DNT